

## Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 17.12.2013

### SAKLISTE

- DELEGASJONSSAKER
- SKRIV OG MELDINGAR
- GODKJENNING AV GBNR. 86/3 RANDAL/ RANDAL HYTTEGREN. REGULERINGSENDRING
- GODKJENNING AV GBNR. 78/3 FIVELSDAL. REGULERINGSPÅN FOR HYTTER
- GODKJENNING AV GBNR. 79/4 OG 79/33 SANDE. SKIPAVIKA NÆRINGSARK. REGULERINGSPÅN BUSTAD- OG BULYSTPOLITIKK
- HUSBANKEN. KOMMUNALE RETNINGSLINER FOR TILDELING AV STARTLÅN
- KOMMUNAL PLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET 2014-2017
- BUSETTING AV FLYKTNINGAR MODALEN - MONGSTAD. HØGSPENTTRASE 300 (420) KV
- SØKNAD OM FRITAK FOR EIGEDOMSSKATT
- REGION OG HELSEHUS I NORDHORDLAND
- BYGGING AV NYE KOMMUNALE BUSTADER FOR BRUKARAR MED SÆRLEGE BEHOV. FRAMTIDIG OVERORDNA ORGANISERING AV TENESTA
- LOKAL FORSKRIFT OM GEBYR(MAL) FOR TEKNISK FORVALTNINGSTENESTE
- FORSKRIFT OM GEBYR, AVGIFTER, HUSLEIGE OSB 2014
- BUDSJETT 2014 OG ØKONOMIPLAN 2014-17

I tillegg vert det på slutten av møtet utdeling av Gulatingsprisen.

Stad og tid: Matsalen på Dalsøyra skule kl. 10.00.  
Sakstfangnet ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på internett: [www.gulen.kommune.no](http://www.gulen.kommune.no)  
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal  
Ordfører

## Julehelsing frå ordføraren

Kjære alle.

Adventstida er her, og eit nytt år går mot hell. Tida går så altfor fort, og jula kjem like brått på oss kvart år. Men det tyder på at vi har mykje å henge fingrane i.

I Telemarksforskning sin kulturindeks som vert gjeven ut kvart år, er Gulen kommune den tredje beste kommunen i landet under frivilleheit.

Dette er gledeleg, og syner at det er mykje som skjer på kulturfronten, og at det er i fellesskap vi får det til.

Siste tala for arbeidsløyse viser at Sogn og Fjordane er det fylket som har lågast arbeidsløyse, og lågast i Sogn og Fjordane er Gulen kommune med berre 0,4 %. Dette viser at kommunen vår er ein god stad å både bu og jobbe i, og det skal vi ta til oss.

Budsjettet for kommunen er til handsaming no, og skal avgjerdast den 17. desember. Det er utfordrande å få på plass alt ein ynskjer, og vi må passe på at utgiftene våre står i forhold til inntektene. Eg er viss på at kommunestyre også i år klarar å få på plass eit godt budsjett.

Det er òg mange planar som skal avgjerast no i næraste framtid. Plan for idrett og fysisk aktivitet skal handsamast den 17. desember, og kommuneplanen skal handsamast i eit eige kommunestyremøte i slutten av januar. Det har vore mange gode innspel på desse planane når dei låg ute til høyring, og det er vi glade for.

Jula står for døra, og eg vil få ynskje dykk alle ei god jul og eit godt nyttår og håpar at alle får tid til å kose seg saman med sine.

Helsing

Hallvard Oppedal



### Kunngjering av budsjett

Budsjett 2014 og økonomiplan 2014-2017 ligg til offentleg ettersyn på ekspedisjonen i kommunehuset og på heimesida.

Merknader kan sendast til Gulen kommune.

## Opningstider i jula



Ekspedisjonen

Julafta **kl. 09.00-12.00**

Romjula **kl. 10.00-14.00**

Nyttårsafta **kl. 09.00-12.00**

Det vert bemanning på sentralen  
telefon 57 78 20 00.

## Ny stemme på servicetelefonen

Kathrine Styve Høydal er tilsett i vikariatstilling ved ekspedisjonsavdelinga frå og med desember 2013.

Ta vel imot ho!

## Ny tannlege og tannhelsesekretær i Gulen kommune

Karolina Felenzer, frå Polen, er tilsett i 100 % stilling som tannlege ved Eivindvik tannklinikk med ambulering i Solund. Felenzer er utdanna i 2009 ved Universitetet av Silesia i Polen. Ho har sidan arbeidd som allmenntannlege frå oktober 2009 før ho flytta til Norge hausten 2012.

Første arbeidsdag vert **tysdag 07.01.2014** og kontortida hennar vert tysdag til fredag frå kl 08.00 til 15.00.

Ingvild Flolid Dingen er tilsett i 60 % stilling som tannhelsesekretær ved Eivindvik tannklinikk.

Vi ynskjer dei begge to velkommen!

Kontakt

Tlf: 57 78 42 38

Fax: 57 78 41 71

Besøksadresse

Eivindvik Tannklinikk

Kommunehuset

5966 Eivindvik

## Nettvett

Torsdag 30.01.2014 kjem Barnevakten til Brekke barnehage og skule for å snakke om nettbruk/nettvett. Alle som vil høyre på er velkomne.

## Plan-nytt

Nærare informasjon finn du på heimesida

[www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt](http://www.gulen.kommune.no/planar-og-prosjekt)



I dag pågår 21 arealplanar, blant anna følgjande:

### Kommunedelplan for trafikktrygging

Planprogrammet vart godkjent og planarbeidet pågår. Kommunen har drøfta vidare planlegging i 2014.

### Kommuneplanen for Gulen kommune

Samfunnsdelen, revidert versjon, vert handsama 30.01.2014. Arealdelen, forslag 1. gongs høyring, vert handsama i møte 30.01.2014.

### Kommunedelplan for Idrett, Friluftsliv og fysisk aktivitet

Vidare planarbeid pågår etter høyring.

### Reguleringsplanar:

\* Planar til godkjenning i kommunestyremøte 17.12.2013

- Randal hytter, gbnr. 86/3, endring
- Skipavika Næringspark, gbnr. 79/4,33

\* Overordna vurdering med rullering av kommuneplan

- Kvernevågen, næring og hyttefelt
- Krekebærtua, hyttefelt

\* Ny handsaming av:

- Fivelsdal gbnr. 78/3, hytter, etter høyring
- Veg til Kyrkjøyne, endring, Rutledal, etter høyring

\* 1. gongs høyring:

- Råolje og pet. terminal industriområde – Sløvåg sør (Alexela), frist 10.01.2014
- Sollibotn industriområde, frist 10.01.2014


\* Planarbeid pågår:

- Nappen hyttefelt, Mjømna
- Storevågsneset, Brandanger
- Åmdalsvik hyttegrend, gbnr. 40/1, Nyborg
- Gulen industrihamn, reguleringsendring

5 planar ligg på vent hos planleggjar / tiltakshavar.

## Tips til julegaver?

I ekspedisjonen har vi ei rekkje flotte bøker til sals.



Nytt av året er for eksempel eit flott turkart over Gulen i målestokk 1:50 000 utgjeve av Kystarven i 2013.

På kartet finn du mellom anna 20 turstiar i kommunen beskrive med både lengd, grad av vanske samt ei kort skildring av løypa.

Turkartet vert seld for kr 150,-.

### I tillegg har vi mellom anna desse bøkene

Brekke Herred bind III	kr 400,-
Brekke: Tun og Ætt	kr 550,-
Gulatinget	kr 268,-
Gulatingboka	kr 350,-
Gulen i gammal og ny tid (pr. bok)	kr 500,-
Gulen i gammal og ny tid I-III	kr 1 000,-
Vestlandskunstnaren Mons Breidvik	kr 248,-
Tjuvar, drapsmenn, bønder og kongar	kr 270,-

Alle bøkene ligg for sal i ekspedisjonen på kommunehuset. Du kan i tillegg tinge bøker via telefon eller epost.

Ta kontakt på tlf. 57 78 20 00 eller [postmottak@gulen.kommune.no](mailto:postmottak@gulen.kommune.no)

## Hjortejakta 2013

Årets hjortejakt nærmar seg slutten, og med det kjem tida for rapportering.

Me minner difor om at alle jaktfelt må levere *Sett hjort skjema* og *slaktevektskjema* til sin valdansvarleg.

Valdansvarleg sender desse skjema vidare til kommunen saman med skjemaet *Fellingstillatelse og fellingsrapport for 2013*.

**Fristen for innsending til kommunen er 3. januar 2014.**

## Produksjonstilskot 2014

Fristen for søknad om produksjonstilskot i jordbruket og tilskot til avløyning ved ferie og fritid er (som vanleg) 20.01.2014.

Ved førre søknadsomgong søkte svært mange elektronisk, noko landbrukskontoret er svært glade for – tusen takk for god innsats! Ved denne måten å søkje på får søkjaren ei ekstra kvalitetssikring av sin eigen søknad, og vidare handsaming vert mindre arbeidskrevjande for landbrukskontoret.



### Dette skjer i kyrkja

**14. desember kl 15.30**

**(laurdag):**

Julekonsert i Brekke kyrkje

**15. desember kl 16.30:**

Gudsteneste med julekonsert i Mjømna kyrkje

**21. desember kl 14.00:**

Julekonsert i Gulen kyrkje

**24. desember kl 11.00:**

Familiegudsteneste i Mjømna kyrkje

**24. desember kl 14.00:**

Familiegudsteneste i Brekke kyrkje

**24. desember kl 16.00:**

Familiegudsteneste i Gulen kyrkje

**25. desember kl 12.00**

Høgtidsgudsteneste i Gulen kyrkje

**25. desember kl 14.00**

Høgtidsgudsteneste i Mjømna kyrkje

**NB! Denne går ut**

**31. desember kl 23.00:**

Midnattsmesse i Brekke kyrkje

**01. januar kl 11.00:**

Gudsteneste i Gulen kyrkje

## Aktivitetsskalenderen

Gulen kommune oppmodar alle om å legge inn aktivitetar/arrangement på aktivitetsskalenderen på kommunen sine heimesider.

## Solsnu i Krossteigen

Også i år vert det invitert til solsnu i Krossteigen. Laurdag 21. desember kl 11.15. Det vert mellom anna tenning av lys framfor krossen, song og musikk samt forfriskingar i kommunehuset. Meir informasjon finn du på aktivitetskalenderen

## Framdrift for Eivindvik barnehage

Det nærmar seg avslutninga av ein lang byggeperiode for Eivindvik barnehage. Det vert ein flott barnehage.

Innvendig er det meste klart, men det har vore ein lang stopp i arbeidet med uteområdet. No er dette arbeidet starta opp att.



Alle ynskjer å få teke i bruk nybygget så raskt som mogeleg, men vi kan ikkje opne barnehagen før arbeidet på uteområdet er ferdig. Kor raskt dette går er avhengig av veret. Opningsdato vert publisert så raskt vi har fått ei avklaring. Om vi er heldige med veret kan mykje av arbeidet verte gjort ferdig denne månaden, og vi kan få opning ein gong i januar.

## Tusen takk

til alle som har bidrege med dugnadsarbeid, pengegåver og andre gåver til Sansehagen ved Gulen Sjukeheim, hittil.

Hagen er begynt å ta form, og pasientar og pårørnde har hatt mykje glede av den.

Det står imidlertid framleis att ein del å gjere, før vi får alt på plass, så vi er framleis takksame for bidrag av ulike slag.

For prosjektgruppa  
Oddny Trædal

